

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 10/2009**

av 5. februar 2009

om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg VI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 113/2008 av 7. november 2008⁽¹⁾.
- 2) Avgjerd i Den administrative kommisjonen til Dei europeiske fellesskapa for trygd for vandrearbeidarar nr. 208 av 11. mars 2008 om fastsetjing av ei felles ramme for innhenting av opplysningar om avgjerd av pensjonskrav⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg VI til avtala etter nr. 3.82 (beslutning nr. 207) skal nytt nr. 3.83 lyde:

”3.83. **32008 D 0683**: Avgjerd i Den administrative kommisjonen til Dei europeiske fellesskapa for trygd for vandrearbeidarar nr. 208 av 11. mars 2008 om fastsetjing av ei felles ramme for innhenting av opplysningar om avgjerd av pensjonskrav (EUT L 223 av 21.8.2008, s. 25).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd nr. 208 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 339 av 18.12.2008, s. 102, og EØS-tillegget til TEU nr. 79 av 18.12.2008, s. 10.

⁽²⁾ TEU L 223 av 21.8.2008, s. 25.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 6. februar 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.